



Meland kommune  
Postboks 79  
5906 Frekhaug

Dykkar ref.: Vår ref.: Dato:  
19/478 - 2 / ANT 31.07.2019

## **Uttale til høyring for kommunedelplan for Sambandet Vest - Planprogram og silingsrapport**

I medhald av Plan- og bygningslova § 12-9, samt forskrift om konsekvensutgreiing § 6, har Meland formannskap i sak 50/2019 gjort vedtak om å leggja planframlegg for Sambandet vest sitt planprogram og silingsrapport ut til offentleg høyring. Silingsrapporten er ein underlagsrapport for planprogrammet til kommunedelplan for Sambandet vest.

### **Austrheim kommune har følgjande merknad til planframlegget til planprogrammet:**

Austrheim kommune synes ikkje det er naturleg å ta stilling til tema som omhandlar våre nabokommunar i planprogrammet. Austrheim kommune har heller ingen synspunkt på traséalternativ som skal vurderast i kommunedelplan med konsekvensutgreiing. Austrheim kommune er kjent med målet til regional areal- og transportplan for Bergensområdet 2017- 2028 er at: «*Bergensområdet skal ha eit miljøvenleg, effektivt og trygt transportsystem som sikrar mobilitet for befolkning og næringsliv. Veksten i persontransporten skal tas med kollektiv, sykkel og gange.*»

Austrheim kommune meiner at dette målet må leggjast til grunn i dette planarbeidet.

Austrheim kommune vil og peike på at vegnettet i Austrheim kommune, dvs. Fv 565 frå Littlelindås til Kaland og på Fv 57 frå Kaland til Mongstad og til kommunegrensa til Lindås har rimleg dårlig vegstandard mange stadar. Eksisterande fylkesvegar her og går og tett opp i mange bustadhús i fleire grender med dei miljøulempe og fare det medførare. Det manglar og gang- og sykkelveg på lange vegstrekks gjennom Austrheim kommune. Det gjer at både skulevegen og tilhøvet for mjuke trafikkantar vert endå farlegare dersom Samband vest vert realisert utan at vegstandaden i Austrheim kommune vert heva. Det som er positiv her er at lange vegstrekks i kommunen på dei to fylkesvegane her i seinare tid er ferdig regulert med gang- og sykkelveg, det gjer at ein rimleg raskt kan koma i gang med å heva vegstandarden slik at den auka biltrafikken over Radøy-Austrheim som Sambandet vest vil medføre, kan tolererast. Dette aspektet må koma med i planprogrammet der det høyrer naturleg heima. Det må og koma fram i planprogrammet om det er realistisk å få midlar til denne vegutbetringa på Fv. 565 og Fv 57 i Austrheim kommune og korleis dette kan finansierast.

Lykke til med planarbeidet vidare.

Med helsing

Asbjørn Nagell Toft  
avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*

**Kopi til:**

Olav Mongstad

**Mottakere:**

Meland kommune

Postboks 79

5906

Frekhaug